

## Lesing på nynorsk som sidemål

Eline Bjørke og Elise Takle

Forskningspresentasjon

Denne forskningspresentasjonen presenterer eit sonderande oversyn (*scoping review*) som undersøker kva rolle lesing på nynorsk kan og bør ha i sidemålsopplæringa der nynorsk er sidemål. I læreplanen for norskfaget i «Kunnskapsløftet 2020» er det lagt opp til at elevane skal møte både nynorsk og bokmål allereie før andre trinn i grunnskolen, og at dei skal lese både skriftspråka gjennom heile skuleløpet, og opplæringslova slår fast at «lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på både bokmål og nynorsk, slik at elevane lærer å lese begge skriftspråka» (opplæringslova, 1998, §9-4). Vi kan forstå desse styringsdokumenta som at dei legg stor vekt på lesing av både skriftspråka som føresetnad for å lære å skrive dei, men det gjort lite forskning på kva rolle lesing har i sidemålsopplæringa.

Vi bruker andrespråksteoretiske perspektiv til å forstå sidemålslæringa, og særleg konseptta om *innputt* og *affektive filter* (t.d. Krashen, 1985). I det sonderande oversynet undersøker vi (1) kva som finst om lesing som del av sidemålsopplæringa i fag- og forskingslitteratur om nynorsk som sidemål, og (2) korleis lesing blir tematisert i fag- og forskingslitteratur om nynorsk som sidemål. Gjennom ei undersøking av 28 tekstar som tematiserer lesing på nynorsk som sidemål har vi syntetisert fag- og forskingslitteraturen til fem ulike kategoriar av funn som skildrar føremål, funksjonar og rammefaktorar for nynorsklesing.

Det ser ut til at fag- og forskingslitteraturen har eit instrumentelt syn på nynorsklesing, der lesing på nynorsk blir sett på som ei form for innputt, og ein føresetnad for å kunne skrive. I tillegg legg fag- og forskingslitteraturen vekt på at nynorsklesing kan ha ein viktig funksjon i å senke det affektive filteret til elevane, og bidra til motivasjon og positive haldningar. Både desse funna kan mellom anna knytast til den didaktiske tilnærminga der nynorsk får rolle som bruksspråk i opplæringa, og elevane får *nynorske språkdusjar* (Sjøhelle, 2016). Eit sentralt poeng i kapittelet er at det verkar å vere ein avstand mellom faktisk praksis og praksisen fag- og forskingslitteraturen trekker fram som god.

### Referansar:

- Krashen, S. D. (1985). The Input Hypothesis. Issues and Implications. I (pp. 1-32). Longman Group UK Ltd.
- Sjøhelle, K. K. (2016). *Å skrive seg inn i språket. Ein intervensjonsstudie av nynorsk sidemålsopplæring for vidaregåande trinn* [Doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo, Universitetet i Oslo]. DUO Vitenarkiv.